



Kontrakt for lokalt og nasjonalt lånekort

Velkommen som brukar av Samnanger bibliotek!

Denne kontrakten gjev deg lånekort slik at du kan låna bøker og anna materiale i biblioteket i betent opningstid.

Set kryss for kva type lånekort du ønskjer:

Eg ønskjer lokalt lånekort	
Eg ønskjer nasjonalt lånekort	

Personvernerklæring

Biblioteket er oppteke av å verne personopplysingane dine. Difor handsamar me dei i samsvar med den gjeldande personopplysingslova. Me oppmodar deg til å lese grundig gjennom *Personvernerklæringa* som du finn på Samnanger bibliotek si heimeside. Personvernerklæringa skildrar kva for personopplysingar me registrerer når du vert lånar hjå oss, nyttar Mi side og vitjar denne nettsida (seinare omtalt samla som tenestene våre). Dersom du ikkje har digital tilgang kan me skriva ut Personvernerklæringa til deg.

Rettane dine

Du har rett til å veta kva personopplysningar Samnanger bibliotek har registrert om deg, korleis opplysningane vert handsama og kven som har tilgang til opplysningane. Dette gjelder deg som har lokalt lånekort, nasjonalt lånekort og oppgradert lånekort for meirope bibliotek. I *Lov om behandling av personopplysningar (personopplysningsloven)* finn du dine rettar til innsyn i opplysningane.

Særskild relevant i personopplysningslova er *Europaparlaments- og rådsforordning, kapittel III Den registrertes rettigheter*. For å inngå ein avtale om lånekort er det nokre opplysningar me treng om deg som brukar. Ved å inngå ein kontrakt med Samnanger bibliotek om lånekort, godkjenner du samstundes at me lagrar desse opplysningane om deg.

Registrerte opplysningar ved lokalt lånekort

Fornamn og etternamn, fødselsdato, postadresse, kjønnsidentitet, mobiltelefonnummer. Du kan velje om du ønskjer melding frå biblioteket på SMS eller på epost. Dersom du ønskjer melding på epost treng me epostadressa di. Dersom lånekorthavar er under 18 år treng me signatur og mobiltelefonnummer til ein føresett.

Registrerte opplysningar ved nasjonalt lånekort

I tillegg til opplysningane for lokalt lånekort treng me òg personnummeret ditt.

Eg har lest kontrakten og *Reglement og vilkår for bruk av Samnanger bibliotek*. Eg aksepterer vilkåra for bruk av Samnanger bibliotek og gjev samtykke til handsaming av mine personopplysningar.

Dato:

Namn korthavar med blokkbokstavar:.....Fødselsdato:.....

Lånenummer:..... Mobil:.....

Signatur korthavar:.....

Signatur føresett:.....Mobil:.....